



MØTEPROTOKOLL

Utval: Forvaltningsutvalet
Møtestad: Dalsfjorden, Volda rådhus
Dato: 29.01.2019
Tid: 13:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Magnar Sunde	Leiar	AP
Øyvind Festø	Nestleiar	MDG
Åshild Vik	Medlem	SV
Erlend Koppen	Medlem	KRF
Magny Astrid Fylling	Medlem	KRF
Sindre Kvangarsnes	Medlem	FRP
Sindre Rotevatn	Medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Lina Marie Bjørkedal	Medlem	SP
Margrete Trovåg	Medlem	AP

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Milan Ilic	Lina Marie Bjørkedal	AP
Idar Flo	Margrete Trovåg	V

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Jørgen Vestgarden	Utviklingssjef
Torgeir Stensø	Planleggar
Børild Skåra	Rådgjevar jordbruk



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 6/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 7/19	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 8/19	Endring av namn på Grendavegen - endeleg vedtak
PS 9/19	Auke av sats for bomveg - Blåfjellvegen på Folkestad
PS 10/19	Deling av bustadstomt - Gbr 6/6
PS 11/19	Revidering av skiltplan for Volda sentrum
PS 12/19	Orienteringssaker
OS 1/19	Ettersøksavtale for 2019
PS 13/19	Utbetring av svingen i Haugevegen på Lauvstad

PS 6/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Det var ni røysteføre ved møtestart.

Sindre Rotevatn bad om permisjon frå kl 13:55.

Magny Fylling bad om permisjon frå kl 14:30.

Innkalling:

Det var ingen merknadar til innkallinga.

Sakliste:

Åshild Vik bad om at «Utbetring av svingen i Haugevegen på Lauvstad» blir sett på saklista.

Røysting:

Innkalling og sakliste med tillegg frå Åshild Vik vart samrøystes godkjent.



VOLDA KOMMUNE

PS 7/19 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Det var ingen merknadar til møteprotokollen frå forrige møte 15.01.19.

Røysting:

Protokollen frå møtet 15.01.19 vart samrøystes godkjent.

PS 8/19 Endring av namn på Grendavegen - endeleg vedtak

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Med heimel i stadnamnlova § 6 vert vegnamnet Grendavegen vedteke endra. Det nye namnet skal vere Grannevegen*
- 2. Som følge av namneendringa skal bustadane som er tilknytt adresseparsellen tildelast nye adresser.*

Handsaming:

Ettersendt dokument:

«Tilråding frå Språkrådet» vart ettersendt på møtedagen og delt ut i møtet.

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 29.01.2019:

- 1. Med heimel i stadnamnlova § 6 vert vegnamnet Grendavegen vedteke endra. Det nye namnet skal vere Grannevegen*
- 2. Som følge av namneendringa skal bustadane som er tilknytt adresseparsellen tildelast nye adresser.*

PS 9/19 Auke av sats for bomveg - Blåfjellvegen på Folkestad

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsutvalet viser saksutgreiinga, og godkjenner dei satsar som går fram av søknaden med heimel i Veglova sin § 56.

Handsaming:

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 29.01.2019:

Forvaltningsutvalet viser saksutgreiinga, og godkjenner dei satsar som går fram av



VOLDA KOMMUNE

søknaden med heimel i Veglova sin § 56.

PS 10/19 Deling av bustadstomt - Gbr 6/6

Administrasjonen si tilråding:

Frådeling etter jordlova § 12, vedtak:

Forvaltningsstyret syner til søknad dagsett 03.12.2018, frå Oddvin Magne Bjerkvik, der det vert søkt om deling av bustadstomt på 2,0 daa frå gnr 6 bnr 6.

Med heimel i jordlova § 12 gir Forvaltningsstyret løyve til frådeling av tomt på inntil 2,0 daa. Grunngevinga for løyve er at tomta har ei tenleg plassering i ytterkanten av ein teig, og at det i kommunedelplanen er opna for spreidd fritids- og bustadbygging her.

Handsaming:

Røysting:

Administrasjonen til tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 29.01.2019:

Frådeling etter jordlova § 12, vedtak:

Forvaltningsstyret syner til søknad dagsett 03.12.2018, frå Oddvin Magne Bjerkvik, der det vert søkt om deling av bustadstomt på 2,0 daa frå gnr 6 bnr 6.

Med heimel i jordlova § 12 gir Forvaltningsstyret løyve til frådeling av tomt på inntil 2,0 daa. Grunngevinga for løyve er at tomta har ei tenleg plassering i ytterkanten av ein teig, og at det i kommunedelplanen er opna for spreidd fritids- og bustadbygging her.

PS 11/19 Revidering av skiltplan for Volda sentrum

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Med bakgrunn i formannskapet si handsaming av sak PS 165/18 og etter innspel frå Volda næringsforum m.fl. vert revidert skiltplan for del av Volda sentrum - datert 03.01.2019 - lagt ut til offentleg ettersyn.*

Handsaming:

Ettersendt dokument:

«Merknad frå Volda Næringsforum til sak PS 11/19 i Forvaltningsutvalet» vart ettersendt møtedagen og delt ut på møtet. Forvaltningsutvalet tok seg tid til å lese dokumentet i møtet.

Sindre Kvangarsnes fremma følgjande:

- 1. Forvaltningsutvalet sender saka i retur til administrasjonen.*
- 2. VNF si målsetting er at Volda sentrum skal utvikle seg til ei sentrumskjerne som gjev rom for næringsliv, bustadutvikling og publikum, basert på gode nærmiljøprinsipp. I dette er neddempa fart, god tilkomst og gode fysiske gatemiljøtiltak heilt avgjerande.*



VOLDA KOMMUNE

Forvaltningsutvalet ønsker å få gjennomført ein samla revisjon der alle dei akutte tiltaka vert aktiverte i ein samla plan. Dette er i trå med klare signala frå politisk miljø og næringslivet.

Øyvind Festø fremma følgjande:

1: skilting knytt til 40-sone vert endra til 30-sone.

2: fysiske trafikktryggingstiltak (til dømes oppmerking av overgangsfelt, heva overgangsfelt) for kryssing av forkøyrsvog i Storgata skal iverksettast samstundes med oppføring av nye skilt.

Sindre Kvangarsnes trekte sitt framlegg.

Sindre Rotevatn reiste spørsmål om gildskap. Han sit i styret i Aaflot Medis Holding AS, som er morselskap til Storgata 7 AS. Han gjekk frå under røystinga om gildskap.

Det var åtte røysteføre.

Sindre Rotevatn vart samrøystes kjend gild. Han tok sete og det var ni røysteføre.

Idar Flo fremma følgjande:

Administrasjonen blir bedt om å foreslå opplysningsskilt for dei store parkeringsplassane for Volda sentrum frå vest.

Røysting:

Det vart røysta alternativt mellom administrasjonen si tilråding og administrasjonen si tilråding med punkt 1 frå Festø sitt framlegg. Administrasjonen si tilråding med punkt 1 frå Festø vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta over punkt 2 frå Festø. Punkt 2 i framlegget frå Festø vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta over framlegget frå Flo. Framlegget frå Flo vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 29.01.2019:

Med bakgrunn i formannskapet si handsaming av sak PS 165/18 og etter innspel frå Volda næringsforum m.fl. vert revidert skiltplan for del av Volda sentrum - datert 03.01.2019 - lagt ut til offentleg ettersyn.

Skilting knytt til 40-sone vert endra til 30-sone.

Fysiske trafikktryggingstiltak (til dømes oppmerking av overgangsfelt, heva overgangsfelt) for kryssing av forkøyrsvog i Storgata skal iverksettast samstundes med oppføring av nye skilt.

Administrasjonen blir bedt om å foreslå opplysningsskilt for dei store parkeringsplassane for Volda sentrum frå vest.

Sindre Rotevatn gjekk kl 14:03. Det var åtte røysteføre.



VOLDA KOMMUNE

PS 12/19 Orienteringssaker

Orienteringssaker

OS 1/19 Ettersøksavtale for 2019

PS 13/19 Utbetring av svingen i Haugevegen på Lauvstad

Handsaming:

Saka kom opp i møtet.

Åshild Vik fremma følgjande:

Forvaltningsutvalet ber om at det vert laga ei sak om utbetring av svingen i Haugevegen, Lauvstad.

Røysting:

Framlegget frå Vik vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 29.01.2019:

Forvaltningsutvalet ber om at det vert laga ei sak om utbetring av svingen i Haugevegen, Lauvstad.

Møte slutt kl. 14:10.

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
29.01.2019

Sunniva Utnes
Konsulent